

Til kommunaldirektør i Surnadal kommune Lars Inge Kvande.

Uttale frå alle tilsette ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter, på høyringsdokumentet Skule for framtida – grep for kvalitet og økonomisk berekraft.

Reiseveg

Elevane ved oppvekstsenteret vårt er av dei som bur lengst unna Subus. Vi har to «utkantar» i Todalen og Stangvika som gir lang reiseveg. Dette vil bety lengre tid på buss, der det er lite tilsyn frå vaksne (bussjåføren må halde fokus på vegen og køyringa). Vi er og bekymra over effekten dersom elevane må på vente-SFO før skulestart og før dei kan ta bussen heim. Dette blir lange dagar, og barna blir slitne. Dette vil igjen kunne påverke moglegheita til å gjere lekser, til å delta på fritidsaktivitetar og generelt tida dei har heime med familien. Dersom alle skulane skal leggjast ned må det skje ei endring frå korleis bussane er organisert i dag, og dei med lang reiseveg bør prioriterast. Dette er ei investering i gode føresetnadar for å lykkast i skulen for desse elevane. Ei samanslåing av alle skulane vil og som FRAM har uttalt utløyse eit behov for ein ekstra buss, som vil redusere potensielle innsparingar ved å leggje ned alle grendaskulane.

Skulebygg

Skulebygget her på Tostop er relativt nyoppussa, og fult brukbart som skule i mange år framover. Vi set spørsmål ved om det da er hensiktsmessig å leggje ned alle grendaskulane så 10. trinn må flytte til Gulbygget. Dette bygget er del av gamle Øye og vi ser på det som ei dårlegare løysing enn å behalde skulen her med dei velfungerande lokala vi har.

Nærmiljø

Ein stor fordel med grendaskular er at ei bidreg til «levande bygder». Ei nedlegging av grendaskular vil svekke nærmiljøa elevane bur i. Fritidsaktivitetar vil kunne ende med å bli flytta til Surnadal, og elevane vil kunne få mindre tilknytning til staden dei bur. Utanom fritidsaktivitetar er grendaskulane i seg sjølve ein viktig aktør i å gjere borna kjent med nærmiljøet sitt. Skular brukar ofte området rundt skulen til turdag, uteskule, osv. Dette vil elevane miste dersom skulane blir nedlagt.

Grendaskular gir og ei unik kjensle av eigarskap til eigen skule. Elevane har foreldre som stiller opp på dugnad og dei får eit forhold til skulen gjennom arbeidet foreldra legg ned der.

Læringsmiljø

Det er fleire fordelar eit oppvekstsenter og ein grendaskule gir på læringsmiljøet som vi ser det som profesjonelle. Det startar allereie i 1. klasse der vi har ein veldig trygg overgang frå barnehagen. Borna har da allereie vore mykje på området og sett dei andre elevane og dei vaksne på skulen i mange samanhengar. Vi ser god nytte av denne tryggleiken og effekten det har ved skulestart for førsteklasingane våre.

Vidare i skuleløpet på ein mindre skule (som grendaskulane jo er) er at det er sambruk av personale. Elevane kjenner alle vaksne og føler seg trygg på å spørje om hjelp og søke trøyst hos alle. I tillegg kjem den ekstra tryggleiken det er at dei kjenner alle elevane på skulen også. Ein kan heller ikkje sjå bort ifrå effekten av at leiinga kjenner alle (både elevar og tilsette) på skulen godt. Det at dei kjenner elevane og behova dei har gjer det etter vår erfaring det lettare å få støtte ved behov. Dette er positivt for arbeidskvardagen til dei tilsette, men og for skulekvardagen til elevane. Det er mange tilfelle der elevar treng ekstra hjelp vi på ein grendaskule får til å løyse innanfor det ordinære, som det hadde måtte ekstra ressursar til for å løyse på ein større skule. Dette er innsparingar som ikkje kjem fram i vurderingane, og som vil kunne påverke kva den faktiske innsparte summen ved nedlegging av skulane er.

Anna

Vi ved Tostop er kjent med prosessen ved nedlegging og samanslåing av skular. Den har vi vore med på før, og fleire av elevane har vore med på den før. Usikkerheita i forkant og sjølve prosessen med overflytting fører til ei ustabilitet for elevane det påverkar. Det betyr ikkje at elevane ikkje kan få det bra ved ei samanslåing, men som vi ser det vil denne ustabiliteten vere negativ for elevane. Særleg dei elevane som har vore gjennom den før.

Sist vil vi avslutte med å seie at vi på Tostop har eit unikt godt læringsmiljø og arbeidsmiljø som vi ønsker å ivareta.

Helsing alle tilsette ved Todalen og Stangvik Oppvekstsenter